



KIRSTEN FLAGSTAD

Språkåret – Kirsten Flagstad-festivalen

Jens Haugen

Hamar

Kva har Kirsten Flagstad å gjere med Språkåret – eller med språk i det heile? Vel, for det første debuterte Kirsten Flagstad som operasongarinne i 1913 og ein feirar dermed hundreårsjubileum. Ho budde også lang tid i USA og måtte derfor snakke engelsk. I tillegg måtte ho syngje ein del på italiensk, men ikkje minst på tysk.

Kirsten Flagstad blir av mange først og fremst forbunden med Richard Wagner og Der Ring des Nibelungen. Ho har hatt mange ulike roller, men det er kanskje Brynhild som har gjort ho til eit ikon. Den «norske» Brynhild heiter Brünnhilde hos Wagner. Det er inga hemmelegheit at norsk og tysk er i slekt med kvarandre og at desse språka, saman med t.d. også engelsk og nederlandsk og sjølvsagt dei andre skandinaviske språka, har utspring i eit felles urgermanskk språk.

På 1800-talet gjekk det ei bølgje med nasjonalromantiske strøymingar gjennom Europa, der ein skulle finne tilbake til dei ulike nasjonale røtene. Eitt aspekt ved dette var å følgje språka

tilbake i tid, og då støyter ein fort på felles kulturgods i form av segner og eventyr. Éi av desse segnene er Nibelungensongen. Svært mange av karakterane og mykje av handlinga finn ein igjen i bl.a. den gammalnorske Volsungasaga og i Edda-dikta.

Segnstoffet er så gammalt at det går tilbake til den munnlege forteljartradisjonen. Det har nok blitt fortalt mange gonger og har dermed endra seg litt etter litt i ulike samanhengar. Då dette stoffet blei med nordover med vikingane, hadde det byrja å leve sitt eige liv.

Det som er litt interessant, er at Wagner, då han skulle byggje sitt eige segnunivers med utgangspunkt i Nibelungensongen, faktisk tok mest stoff frå dei nordiske variantane. Mange tenkjer kanskje på Wagner og Nibelungenringen som «erketysk», og det hjelper kanskje heller ikkje at ein viss annan tyskar seinare blei veldig interessert i Wagners verk og brukte det i samband med sin propaganda.

Historiene om dvergar, riddarar, drakar, skattar og ein magisk ring er svært gamle. J.R.R. Tolkien valde enda

meir fritt blant slike motiv og skapte eit kanskje enda større univers. Dei fleste unge kjenner i dag først og fremst til karakterane frå Ringenes herre og Hobbiten, og dei gamle norrøne sogene og mytane blir etter kvart gløymde. Men kanskje kan ein gjennom Kirsten Flagstad-festivalen ta tilbake noko av dette nordiske stoffet – og gjerne på norsk? Eller skal det vere slik at den nye globale mytologien skal vere eineråndande – på same måte som det engelske språket? One language to bind us all.

Det er jo «kult» med ein forsegjort, dataanimert drake i 3D som heiter Smaug. Men det kan vere litt greitt at ungdommen lærer at «vår» drake heitte Fáfnir eller Fávne; og Sigurd eller Siegfried var minst like «kul» som Bilbo, Frodo og Aragorn og den «gjengen». Men våre gamle heltar levde først og fremst gjennom den munnlege tradisjonen, så gjennom sogetekstane, og så kom Wagner med sine storlåtte verk, som framleis blir framførde. Kjem Peter Jackson sine filmar til å leve i hundre år? Det vil tida vise.

fra Kristoffer-saken.

Og vi må ta barn på alvor! Det siste barn som opplever vold i hjemmet har behov for, er å bli avvist eller mistrodd. Vi må være de trygge voksnene. De som barn kan komme til med sine bekymringer. De som tar seg tid, hører på dem og tar dem på alvor. Vi må ikke avfeie verken alder eller diagnoser. Vi må lytte, vi må være der. Det er det som gjør oss til trygge voksnene.

La det være lærdommen av Alvdal-saken.

«Jeg tenker nok du skjønner det sjøl.»

Så sårt, så vanskelig, så ærlig,

Hei, Hamar kommune- Hei, Einar Lund

Ole R. Østby
Hamar

Jeg leste også Hamar kommunens informasjon i Hamar Dagblad 6. juni om ansettelse av ny HR- og organisasjonssjef. Jeg vet faktisk hva HR betyr (og jeg har mistanke om at Einar

Lund også vet det), men jeg vil overlate til kommunen å fortelle leserne hva forkortelsen står for, og spesielt hvorfor de bruker en slik kryptisk betegnelse. Jeg kan imidlertid røpe at HR er forkortelse for en engelsk fagbetegnelse, og den skal vel da uttales eitʃ-a:. Stillingstittelen er altså en blanding av norsk og engelsk, og jeg skal vedde på at ikke alle ansatte i kommunen vet hva forkortelsen betyr. Det er uregnt med slike jálete titler; de skaper avstand og vitner om språklig slapphet. Men hva sier kommunen?

Kommunen plikter å holde norsk språk i hevd, og det første den nye HR- og organisasjonssjefen bør gjøre, er å få endret stillingstittelen.

Totninger er også hed(e) markinger

Ole R. Østby

Gir Vestad skrev 31. mai i HA om «villtotninger» som synger vakre sanger på «to-